

Klubben på Kvåle skule, altså lærarane ved Kvåle organiserte i Utdanningsforbundet, leverte nedanforliggjande uttale i høyringsrunden etter siste moglegheitsstudie frå HRP. Vår uttale då levert til Sogndal kommune.

Føresetnaden for uttalen har endra seg etter dette tidspunktet, då kommuneadministrasjonen i etterkant ser på Ingahaugen som mest aktuell lokasjon. Dette i seg sjølv finn me overraskande, då dette er eit alternativ som ikkje har vore omtalt i mogelegheitsstudien, eller uttalt frå kommuneadministrasjonen før nyleg. Noko av innhaldet under her vil difor ikkje lenger vere like aktuelt, men me vel likevel å leggje den ut i si opprinnelege form her.

Like fullt, vår argumentasjon i uttalen til støtte for Trudvang som lokasjon for 1-7 barneskule står fortsatt ved lag! Med dette også vår støtte til klubben ved Trudvang, samt til FAU Trudvang og FAU Kvåle.

-Klubben, UDF, ved Kvåle Skule.

Mogelegheitsstudie – plassering av ny 1-7 skule i Sogndal.

Uttale frå klubben ved Kvåle skule. (6-10 skule)

Klubben ved Kvåle skule hadde saka oppe i to møter, den 09.12.22 og 13.12.22, der me gjekk igjennom mogelegheitsstudien levert av HPR, tok opp spørsmåls-stillingar, og fekk fram meininger i høve denne. Me har sett på ulike aspekt ved dei forskjellige lokasjonane, og vil på den bakgrunn tilbakemelde fylgjande:

Lokasjon Fosshagen:

- I utgangspunktet eit flott areal, men her blir det lagt til grunn at ein kan nytta ein evt. fleirbrukshall på Fosshaugane/Kvåle som gymsal for 1.-7. klasse, og at turen att og fram kan sjåast på som “oppvarming” til gymtimen. Dette tykkjer me fell på si eiga urimelegheit. For det første står ein att med i beste fall 15 min gymtime. Dessutan vitnar dette om lite kjennskap til korleis ein driv kroppsøving og korleis ein fylgjer opp måla i læreplanen. Til samanlikning har me på Kvåle skule i dag allereie lagt kroppsøving-undervisninga i *doble økter* på 6. og 7. trinn, nett av den grunn at turen att og fram til storhallen tek for lang tid. Elevane når ikkje attende til neste undervisningsøkt sjølv på Kvåle, der me ligg nær storhallen. Å dernest tenkja at ein kan legge kroppsøvinga til *doble økter* på dei lågaste trinna vil vere ein dårleg idè. Dei yngste elevane treng ein gymsal i umiddelbar nærleik, som ein kan nytte til både kroppsøving og som ein stad for leik og naturlege avbrekk i skuledagen. Me må hugsa at dette er ungar i alderen 5-6 år og oppover.
- Fosshagen kan ein lett bli “besnæra av” som ei “tilrettelagt tomt” fordi den vil vere relativt lett å bygge på, og at den ligg nær høgskulen for samarbeid.

Me peikar på:

- nærleiken til elva med trekk og fristande farlege utfordringar på skulevegen. -
- Trekken skal ein ikkje undervurdere, den lagar rå og kalde uteforhold. Ein kan berre

ta turen opp på Kvåle på slike dagar/veker me har no, og gjere seg erfaringar med "dalatrekken". Me ynskje gode klimatiske uteforhold som gjer det attraktivt for lek og læring.

- nærleik til høgskulen har me hatt heilt sidan høgskulen vart bygd. Sogndal ungdomsskule har trass alt lege på same plass sidan 70-talet, utan at me kan sjå at lokaliseringa har gjort nemneverdig skilnad for samarbeid. Dessutan, same kvar ein plasserer 1-7skulen i Sogndal, vil det vere nærleik til høgskulen. Det blir uansett ikkje store avstandar, og eit godt samarbeid kviler på heilt andre forhold enn den korte avstanden det vil bli.

- til sist, me har erfart at kostnaden med kjøp av grunnareal til den nye barnehagen som alt er plassert i Fosshagen, vart ein heilt annan enn kva som var budsjettert med. Med ein, slik me les, stram kommuneøkonomi som me no har, tenkjer me at Fosshagen med sin arealpris då er lite aktuell for skulebyggjing. Me ser og at arealet er heilt på minimum av kva som er interessant eller aktuelt for nybygg.

Lokasjon Kvåle:

- Me ser sjølvstøtt at areal-messig vil denne plasseringa vere gunstig, også fordi slik det vert peika på i rapporten; her kan ein byggje utan å komme i konflikt med ordinær skuledrift.
- I første runde, då det gjaldt uttale om skulestruktur, peika me på at det var viktig å igjen få samla mellomtrinnet, 5.-7. klasse. Dessutan meinte, og meiner me framleis, at det er gunstig å samle barnetrinnet i 1-7skule, eller skular. Barneskulen har sin eigenart som ein skal ta vare på, der "barn får vere barn". Vår erfaring er at å knyte barneskulen så tett opp mot ungdomsskulen slik det har vore gjort i Sogndal, gjer at ein taper noko av barndommen. Dei yngre elevane blir påverka av dei eldre, og blir for tidleg ungdommar. Samtidig går alle elevane i same uteområde, og same bygningsmasse, der ikkje noko blir nytt og spennande, ei heller ein "ny start", når ein går frå barneskulen og over i ungdomsskulen. Me er mange lærarar på Kvåle med erfaring heilt frå dei yngste til dei eldste elevane, då me «fylgde med på lasset» med flyttinga av først 7. og så 6. trinn over til samlokalisering med ungdomsskulen, og har som sagt gjort oss erfaringar og tankar rundt det.
- I eitt av dei teikna forslaga i mogelegheitsstudien har ein sågar teikna ein storskule på Kvåle som femnar om alle frå 1. - 10.klasse. Me kan sjå at stordrift kan vere lønsamt, men vil det vere samfunnsmessig og menneskeleg "lønsamt" med tanke på elevens beste? Jamf. "Best på oppvekst"? Kva legg ein i det? Me meiner som sagt at barnetrinn og ungdomsskule bør fysisk skiljast. Mindre einingar gjev betre oversikt. Me skal i dag ha oversikt og "sjå" alle, arbeide mot mobbing og utanforskap, arbeide for inkludering og meistring. Då treng me trygge og gode rammer, eit godt utgangspunkt for å drive skule tilpassa alderssteget på alle felt, både vedr. læring og sosiale ferdigheiter. Dette meiner me er best ramme for å klare, med mindre

einingar. Vel ein å slå saman 1-10 slik antyda i teikningane vil ein få ein skule med over 1000 elevar. Er det det vi vil ha i Sogndal, ein skule som er på størrelse med store byskular? Nei, la oss få mindre einingar med gode og oversiktlege arbeidsforhold både for tilsette, elevar og foreldre! Dessutan, kvar blir det av det naturlege utearealet for leik dersom ein byggjer skule ut over heile eksisterande aktivitetsområde på Kvåle?

- Å leggja ny 1-7skule fremst i Kvålehagen er då lokalitets-messig eit betre alternativ enn samlokalisert med dagens Kvåle skule. Men, me vil likevel få mykje av det same utearealet å forholde oss til, og elevane vil framleis gå i det same området i 10 år. Dessutan vil punkt nemnt under Fosshagen gjere seg gjeldande også her, dalatrekken m.m. skal ein ikkje undervurdere – det er til tider utrivelege uteforhold for både små og store på Kvåle.
- Me peikar vidare på:
 - Foreslått plassering av fleirbrukshall og basishall er for oss heilt uforståeleg. Skal ein fleirbrukshall med opptil 7 m takhøgde kunne plasserast like utanfor vindauga på eksisterande Kvåle skule, og midt ute på det mest brukte leikeområdet me har? Ja, det vil sikkert vere gunstig mot dalatrekken, men ugunstig for lysforhold, uteaktivitet og vaktforhold på skulen vår. Då blir det vanskeleg å halde oversikt, og mange plassar å gøyme seg vekk. Dette er etter vår meining berre eit trist forslag, som forhåpentlegvis fell på eiga urimelegheit. Det må vere mogeleg å finne andre løysingar for plassering av fleirbrukshall og basishall enn midt på aktivitetsområdet og rett utanfor vindauga til eksisterande skule.
 - Tilkomst til evt. ny skule/fleirbrukshall tenkjer me at heller ikkje er særleg gunstig. Ut frå teikningane er den tenkt inn på eksisterande uteområde for Kvåle skule, med tilhøyrande parkering like inn på uteområdet. Dette let seg heilt sikkert løysa på betre måtar enn at trafikken skal inn her.
- Skulevegen finn me lite nødvendig å kommentere. Alle som bur i Sogndal veit at gangvegen langs Fjærlandsvegen, på vestsida av Sogndalselva, ikkje er den mest brukte skulevegen. Elevane frå Stedjesida kjem i stor grad over brua ved Fosshygget, og frå sentrum og Leite via Trolladalen. Gurvinfeltet via Kvåle. Sikring mot Fjærlandsvegen er sjølv sagt av det gode, men dette vitnar om ikkje altfor grundige undersøkelser av mønster for tilkomst, lagt til grunn for rapporten.
- Ut frå ovanstående er ikkje klubben ved Kvåle skule umiddelbart positive til 1-7skule på Kvåle. Me ser at det er etter måten «lett» å byggje nytt i urørt land, men har vanskar med å forstå at all skule skal leggast til same område, og at barn, ungdom og unge vaksne absolutt skal losast inn i same område, frå barnehage til ferdig utdanna høgskulestudent. Dette med tanke også på trafikkale forhold, - her skal alle frå 0-25+ losast inn via Ingafossen. Noko å tenkja over. Med høge kostnader på tomteareal i Fosshagen, reknar me med at tomteprisen på Kvåle ikkje vil liggja så langt under. ver

Lokasjon Trudvang:

- Me forstår sjølv sagt at det vil vere utfordrande å drive skule i ein evt. utbyggingsperiode på Trudvang. Det er likevel sider ved rapporten me vil peike på som svake, eller manglande. Me hadde venta at ein mogelegheitsstudie for Trudvang, ein studie

som kom opp nettopp fordi ein ville utgreie Trudvang betre, ville ha gått noko djupare til verks. Me startar med å etterspørje fylgjande:

- Er det undersøkt om den nyaste delen av Trudvang, tre-bygningen, er fundamentert/dimensjonert godt nok for evt. påbygg av ein etasje? Trebygningen som vender mot Leite har på toppen ein «halvetasje» med knevegger, der grunnflata såleis er dårleg utnytta. Kan det tenkjast å sjå på mogelegheit for å byggje på ein full etasje i høgda på denne delen? Trebygningen mot Leite har pr no kun ein etasje med klasserom over gateplan. Tek ein med resten av trebygningen som vender mot SOS og den delen som vender mot Leighgota, vil ein med ein etasje til få eit areal som kan dekkje fleire gode klasserom. Slik kan ein spare friareal, og ein vil likevel ha att areal til å byggje ein tilknytt gymsal, samt klasseromsavdelingar. Verdt å utgreie?

- Murbygningen på Trudvang er i eitt av forslaga foreslått riven. Dette høyrer for oss ganske urimeleg ut. Bygningen vart for nokre år sidan renoverert for 12-13 millionar. Skal desse skattemidlane berre «kastast ut vindauga»? Eller kan det tenkjast å kanskje «omfordele» bruken av romma på eksisterande murbygg, samtidig som ein planlegg evt. påbygg eller nytt bygg? Lat oss sleppa å sjå at denne murbygningen blir riven. Dette er dessutan eit av dei få «signalbygga» me har i Sogndal, ein bygning som representerer ein epoke i nær historie, 60-talet, og som framleis kan gjere god nytte. Det er i eit miljøperspektiv lite framtidsretta å ikkje tenkje gjenbruk.

- Både lokale aktørar og mogelegheitsstudien har peika på og teikna alternativ til nybygg på Trudvang. I begge alternativa, både frå lokalt arkitektkontor, og frå HRP, er det teikna eit alternativ mot Leigh-gota. Dette er på areal som for lengst er oppkjøpt av kommunen nettopp med tanke på utbyggjing av skulen. Kun eit lite tomteareal står att som kommunen vil kunne kjøpe ut til nytte for Trudvang. Det er då ganske uforståeleg om ein ikkje nyttar seg av dette området til skule. Me har vanskar med å forstå at det skal investerast i ny grunn annan stad, når ein allereie har kjøpt eit godt areal for skuleutbyggjing. Igjen, det er skattebatalarane sine pengar som skal forvalta på ein god måte i ei tid med innsparingar. Då kan ein gjere seg nytte av det ein alt har kjøpt, arealmessig er det rekna til å ver god nok plass, også for uteareal. Me ser heller at sparte tomtemidlar blir lagt inn i eit godt planlagt påbygg / nybygg og gymsal på Trudvang, enn at det skal løysast inn godt jordbruksareal.

- Det er sjølvsagt utfordrande å «stå» i ein arbeidssituasjon der skulen er under utbyggjing. Det gjeld både for elevar, foreldre, og ikkje minst tilsette. Med byggjing av nytt skulebygg mot Leigh-gota vil det vere mogeleg å avgrense, og skjerme eksisterande uteaktivitet på Trudvang, slik teikningar viser.

- Me ser at det i ein byggjeperiode er foreslått å legge eit brakkebygg for undervisning der det «i gamle dagar» låg eit brakkebygg som vart kalla Hole-brakkene. Me tillèt oss å nemna ein annan stad som kan vere aktuell, då oppå Stitoppen. I byggeperioden for Ulvahaugen var det sett opp anleggsbrakker der, noko som tilseier at det må vere tilrettelagt for både vatn og avløp der. Slik kan ein «lokalisere vekk» eit par klassar, samtidig som det er nærleik nok til å nå spesialrom på Trudvang. Dessutan tilkomst for både brann og redning via Ulvahaugen. Slik kan ein behalde mest mogeleg uteareal også i ein evt. utbyggjingsperiode, samtidig som

ein minkar ned på tal elevar i uteområdet. Eit forslag til ettertanke frå oss. Det same gjeld sjølvsagt dersom den innteikna brakkeriggen er tenkt for arbeidsfolk.

- Stitoppen må dessutan, som påpeika i rapporten, vere varig innlemma som friareal til bruk for skulen. Med å behalde Trudvang som lokasjon, har ein og lett tilkomst til andre friareal som Ulvahaugen med gammen, Røvhaugane, samt Fjordstien og fjorden. Desse områda har i alle år vore godt nytta av skulen, men blir tyngre tilgjengeleg dersom ein legg skulen til for eksempel Kvåle.
- Skulen sett i eit samfunnsperspektiv; Som pedagogar ser me elevar i ulike situasjonar og med ulike interesser og behov. Slik me ser det, er det etter måten godt tilrettelagt for idrett for barn og unge i Sogndal. I all hovudsak er dette lokalisert til Fosshaugane og Kvåle, samtidig som det er fullbooka i gymsalen på Trudvang, og noko aktivitet som turn har måtta flytta til Vesterland for å få lokale. Stor aktivitet er positivt. Samtidig ser me at det manglar lokale for annan aktivitet, noko ungdommane sjølve også peikar på. Å få eit bygg med romfasilitetar som femnar om også annan aktivitet som dans, musikk, film, drama, kunst, form og farge mm. tenkjer me vil vere positivt. Me ser helst også eit stort «allrom» som kan nyttast av folk flest i alle aldrar i bygda vår. Me treng eit «allhus» som stettar funksjonen som samfunnshus og for uformell samkome, som kulturhuset vårt ikkje dekkar. Ungdomen treng også ein uformell møteplass. Dette vil vere i tråd med samfunnsplanen, for å få eit rikt miljø i bygda vår. Det er heller ikkje likegyldig kvar ein plasserer slike «tilleggstenester». Me les at det er ein tanke om at bygda vår skal utviklast i aksen sentrum – Kvåle. Me må ikkje gløyma at me alt har ein akse den andre vegen, mot Barsnes, Kjørnes, Valeberg, og mot Ylvisåker, Slinde og Leikanger. Folk har busett seg på Kjørnes med vissheit om skule i sentrum. For ungdom og eldre, ja folk flest, er det naturleg å vilje trekke til sentrum, altså det me kallar Fjøra, og samlokalisering av skule med ulike tilbod til barn, ungdom og godt vaksne meiner me vil vere av det positive. Eit sentrum utan skule, utan elevar til og frå, er etter vår meining eit fattigare sentrum. Me tenkjer og at ein skule i umiddelbar nærleik av omsorgssenteret er av det positive. Det må vere kjekt for dei eldre å sjå at det er pulserande liv utanfor vindauga. Her ligg det og godt til rette for samarbeid mellom skule og omsorg om ynskjeleg, og i alle fall interessant i eit samfunnsmessig perspektiv.

Klubben ved Kvåle har hatt kontakt med klubben ved Trudvang, og er kjende med at tilsette der etter nøye diskusjon, seier seg positive til å «stå'an av» saman i ein evt utbyggingsperiode. Me er og kjende med at FAU ved Trudvang er interesserte i, og arbeider for, at Trudvang skal vere lokasjonen for 1-7skule i Sogndal.

Sett i samanheng med tilsette og foreldre ved Trudvag sitt standpunkt, og sett i samanheng med samfunnsplanen, i eit klimaperspektiv, og i eit økonomisk perspektiv, vel me i Klubben ved Kvåle skule å støtta Trudvang som lokasjon for framtidig 1-7skule. Me meiner det vil vere ein vinn-vinn-beslutning, som kan stetta både skule, og ulike samfunns- og kulturelle behov. Gjenbruk/rehabilitering av eksisterande bygningar, unngå nye store utgifter til tomtekjøp, og set midlane i gode

nye bygningar og innhaldsrikt uteareal. Ny gymsal på Trudvang vil stetta behovet for dei yngste for nærleik til slikt areal, og kan bli eit godt bruksareal for bygda ellers. Dei visste nok kva dei gjorde «i gamle dagar» og, då dei la skulen til Trudvangtomta. Skjerma, med dei beste solforholda, og framleis med den kortaste skulevegen for dei fleste elevane våre.

Me anar ei viss uro for fleirbrukshall og basishall. Dette må vel over tid, og i samarbeid med andre aktørar, vere mogeleg å få til likevel. Men,- det kan ikkje vere fleirbrukshall/basishall, eller idretten, som skal vere styrande for kvar ein legg grunnskulen i Sogndal. Skule er ei lovpålagt primærtjeneste. Sogndal har sett seg mål om å vere «best på oppvekst» - utan at me kjenner til kva kriterie som er lagt til grunn, eller kva det skal «målast» etter. Skulen - utanom familien – er den viktigaste oppvekstarenaen for barn og unge. Trivsel, oversikt og nærleik i oppveksten er viktige faktorar – også for at dei unge som veks opp her, ynskjer seg attende etter endt utdanning. Me har tru på at eit skulebygg på Trudvangtomta, som også stettar ulike kulturelle aktivitetar, vil vere eit godt alternativ. Me tenkjer då at tomte også må innehalde eit godt og allsidig uteområde for barn og unge, jamvel og for vaksne som kan ynskje kome dit med sine born. Eit attraktivt uteområde, før me legg heile sentrum under asfalt.

- “Kiss ‘n ride” er eit tiltak rapporten held fram, sjølv om dette ikkje er i tråd med klimahensyn. Aller helst ynskjer me at elevane skal gå eller sykle til skulen, men realiteten vil truleg uansett vere ein annan. Me hiv oss difor på med eit forslag til dette: Opne opp att Skulevegen for einvegskøyring - gjerne i periode om morgon ved levering, og ettermiddag ved henting. Innkøyring frå Gravensteinsgata via Leigh-gota og Skulevegen, kontrollert avstiging ved allereie eksisterande “lomme” ved murbygget, og utkøyring under SOS til Dalavegen. Steng Leigh-gota frå krysset der ein kan ta av inn mot/under Amfi, retning Prestadalen, og skilta denne med innkøyring kun for fastbuande. Slik unngår ein “hasardkøyring” av foreldre som skal levere elevar inn via Prestadalen. Ein har sett mange tilfelle av uvettig køyring og rygging opp til stien under Leitevegen/Prestadalen. Med slik einvegskøyring me føreslår, og avgrensa trafikk til Prestadalen, gjer ein skulevegen langt tryggare både for køyrande og gåande. Med kontrollert avstiging meiner me at ein bil får sleppe av/hente om gangen, og at ein kan nytte trafikkvakter (dei eldste elevne eller lærarvakt) i av-/påstigingslomma. Me tykkjer dessutan at “Kyss og Køyr” vil vere eit betre namn på ei slik ordning:)

-Me tillet oss på tampen å koma med eit innspel også vedr. fleirbrukshall/ basishall. På Kvåle står det som me kallar «Tribunebygget» tilknytt Kvåle stadion. Dette bygget er lite eller ikkje i bruk, og ber etter kvart preg av forfall, og å vere lagerplass for ulike ting både innom og utomhus. Kanskje dette er plassen for ny fleirbrukshall/basishall? Her er det både tilkomst, areal ledig på baksida, og dessutan tilknytt både vatn og avløp. Kan hende kommunen kan ta kontakt med eigarane av dette bygget for å sjå om dette er noko som kan utviklast til ein attraktiv hall, og eit attraktivt tilskot for

idretten i Kvåle-området. Kanskje er kommunen medeigarar i dette tribunebygget for alt me veit?

Fleire av oss som er tilsett på Kvåle skule skal etter kvart overførast til 1-7skulen. Dette ynskjer me som no jobbar på Kvåle skule at blir på Trudvang. So må ein hugse på – det blir ikkje elevtalsauke på opp i 700 elevar same året. Det KAN vere mulig å ha ei gradvis og godt planlagt utbyggjing på Trudvang, og elevar/klassestrinn kan førast tilbake frå Kvåle til Trudvang over tid, slik det ein gong vart gjort motsatt veg. Kan hende ikkje gunstig, men godt mogeleg for å gjere utbyggjinga så gjennomtenkt, og så skånsom som mogeleg med tanke på dagleg drift.

Til sist, Trudvang er det pulserande hjarta i Sogndal sentrum. Eit sentrum utan skule – det levande livet - er kort oppsummert eit fattigare sentrum. Dette handlar ikkje berre om lokalisering av skule og kva skule me ynskjer, men like mykje om kva slags Sogndals-samfunn me ynskjer. Det skal takast beslutningar som vil påverke nærmiljøet vårt for all framtid. Viktige beslutningar.

Klubben ved Kvåle skule, som femnar om alle lærarane, 47 stk, støttar med dette Trudvang som lokasjon for utbyggjing av 1-7skule. Med dette støttar me òg klubben ved Trudvang skule, og FAU ved Trudvang skule. Me meiner dette er den beste løysinga både økonomisk, klimamessig og samfunnsmessig. Me vonar de vil lytta til pedagogar og foreldre.

Med vennleg helsing
Klubben, Kvåle skule

v. Edith Eide

Tillitsvald

Sogndal 09.01.2023